



# VELKOMEN TIL HYTTA!

Dette er ei av Lom fjellstyre sine hytter. Med dette og andre tiltak, ønskjer fjellstyret å legge til rette for enkelt friluftsliv for alle.

Fjellstyret driv ikkje utleigeverksemd for eiga vinning. Utleiga er basert på tillit til at alle som brukar hyttene, ryddar og vaskar etter seg, tek med seg att søppel og matrestar, og gjer alt klart og koseleg til nestemann som kjem. Fjelloppsynet har ikkje kapasitet til alltid å sjekke at hyttene er i orden. Det kan bli aktuelt å fakturere for rydding og vasking i ettertid, viss dette ikkje har vore gjort tilfredsstillande.

Lom fjellstyre har totalt 9 hytter av ulik standard og 5 gamle steinbuer som står opne. Hyttene er utstyrt med ved, gass, stearinljøs og kjøkenutstyr. Alle hyttene er vinterstengt frå november til mars. Innanbygdsbuande har fortrinnsrett og billigare leige enn utanbygds.

Hytte	Stad	Sengeplassar	Tilstand
<b>Utleiehytter</b>			
Grønbuga	Veodalen	3	God, restaurert 1993
Heranosbuga	Veodalen	4	God, nyoppført 1989
Geitåbuga	Netofjellet	2	God, nyoppført 2010
Bøvertjønnen	Bøvertjønnen	7	God, nyoppført 1980
Vesfjellbu	Krossbu	4	Ny hytte, ferdig i 2019.
Memurubua	Memurubu	2	God, restaurert 2003
Gjendehytta	Gjendebu	4	God, nyoppført 2001
Storådalshytta	Storådalen	2	Middels, restaurert 1977
Langvassbuga	Langvatnet	4	God, nyoppført 1997
<b>Opne buer</b>			
Saubua	Veodalen	-	Steinbu, restaurert 1970 åra
Bergenussbuene	Veodalen	-	Steinbu, restaurert 1970 åra
Nøgla	Leirvassbu	-	Steinbu, resaturert 2005
Veslådalsbuga	Veslådalen	-	Steinbu, restaurert 1970 åra
Koppflybuga	Koppflye	-	Steinbu, nyoppføring 2004

Gjendebua og Geitåbuga er brukt som gjetarbuer i beitesesongen, og blir ikkje leigd ut nokon gong. Heranosbuga er brukt som gjetarbu i beitesesongen, men er tilgjengeleg elles. Nokre av hyttene er reservert for innanbygdsbuande i perioder.

Fjellstyret har båt og garn til utleige på Grisletjernet, Høyvatnet og på Langvatnet, og berre båt på Høybreavatnet. Fiskekort kan kjøpast på Inatur og på Coop Lom og Bøverdalen.



# HYTTEREGLAR

**Hovudregelen for besøkjande på hyttene våre er at de skal reise frå hytta i den stand de ynskjer å finne den, og gjerne litt betre!!**

- Alle SKAL skrive seg inn i hytteboka. I det minste med namn og dato for besøket.
- Set dykk inn i branninstruks, orienter dykk om nødutgangar, slokkingsutstyr og bruk av gassbluss.
- Sjekk at røykvarslar er på plass og kontroller at den fungerer.
- Vis aktsomheit ved bruk av stearinlys.
- Hundar er tillate å ha med, men skal IKKJE liggje i seng, sofa eller stolar.
- Hytte og inventar skal vera skikkeleg reingjort når de reiser.
- Vask opp alt du har brukt, og rydd det på plass.
- Fyr i omnen med fornuft og fyll opp vedkassa att før de reiser. Vedtransport til hyttene er kostbart.
- Gasskokeapparatet skal brukast til matlaging, ikkje oppvarming. Steng gassventilen når den ikkje er i bruk. Tak av regulatoren når de reiser.
- Ta med deg all søppel og tomgods, og alle matrestar.
- Tøm ut vassbytta.
- Om glasskoddane var på plass då du kom, skal dei også vere på når du reiser att. Pass på at dei er skikkeleg festa.
- Dodøra skal vere forsvarleg lukka, og eventuelt låst.
- Ikkje tøm omn eller peis for oske ved avreise. Varm oske er brannfarleg!
- Vinterstid skal lufteventilar stengjast.
- Gje beskjed til fjellstyrekontoret om noko manglar eller er skada, og om reinhaldet har vore mangelfullt. Vi set pris på å få beskjed om det begynner å bli lite ved, gass, stearinlys eller papir.

Har du brukt båt, ver sikker på at den er skikkeleg lagt opp og fortøya.